

Kvitseid kommune  
Interkommunalt plankontor  
v/Sveinung Seljås

14. juni 2022

## **Igangsetting av reguleringsplan arbeid på del av gnr.13 bnr 3, i Kviteseid kommune. Vurdering av om planarbeidet krev konsekvensutgreiing.**

### Bakgrunn

Grunneigar Halvor Nordbø ønsker å vidare utvikle hytteområda på sin eigedom. Område ligg i austre enden av Vråvatn, mellom Straumen og FV 38. Tidlegare regulert areal på eigedomen begynnar i stor grad å bli utbygd.

### Planstatus

I kommuneplanens arealdel, vedtatt 13.06.2019 er området registrert med Reguleringsplan skal framleis gjelde, Straumen II. I tillegg er det omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Delar av ynskja utbyggingsområde er i kommuneplanen regulert til LNF-område. Reguleringsplanen for området er i ynskja utbyggingsområde regulert til Friområde og delvis til klimavernsone.

### Vurdering av krav til konsekvens utgreiing


Kapittel 2 i forskrift om konsekvensutgreiingar bestemmer kva tiltak som skal konsekvensutgreiast. Tiltaket er vurdert å kome under §8; *Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn. Første ledd, a) Reguleringsplan for tiltak i vedlegg II. Tiltaket vurderast og kome under punkt 13. Utvidingar eller endringar av tiltak nemnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlege verknader.*

### Opplysningar om tiltaket (§9)


- a) Det er ynskje om endring i form av tre mindre byggeområder, to innanfor eksisterande plangrense og eit som utviding av planområdet. Storleiken på områda ligg i mellom 4 og 8 daa.
- b) Ein gjennomgang av Naturbase syner registrering i kategori artar av nasjonal forvaltningsinteresse, nokre karplanter i Toskekilen. Elles finns nokre observasjonar rundt planområdet, dette er fugl og insekt. Området ligg i nordvestre del av område registrert som verdifullt kulturlandskap, Øyene-Vrådal. Artsdatabanken syner dei same artsregistreringane for artar på raudlista som naturbase. Det er i tillegg registrert hagelupin langs fylkesvegen på fleire punkt, dette er ein art på svartlista. Kilden, nibio syner at område består av skog frå låg til høg bonitet, ynskja utbyggingsområde ligg i områder med middelsbonitet, det er ikkje registrert arealtype myr innafor planområdet. Delar av planområdet er registrert som dyrkbar jord, kun et av dei nye utbyggingsområda ligg i denne kategorien.

Det leggst ikkje opp til endring i høve tidlegare plan i Toskekilen og ein kan dermed ikkje sjå at tiltaket vil påverke miljøverdiar vesentleg. I høve kulturlandskapet ligger dei største verdiane i lenger aust i det avgrensa området, dette området er allereie i bruk som hytteområde.


Under er kartutsnitt frå dei forskjellige basane med skissert planområde.



Utsnitt frå naturbase, planområde i blått, punkt er artar av nasjonal forvaltningsinteresse, gul skravur er verdifullekulturlandskap.



Utsnitt frå Artsdatabanken, planområde i blå ring, syner registreringar innom planområde.



Utsnitt frå Kilden,nibio,skogbonitet, myr og dyrkbar mark

- c) Det forventast ikkje vesentleg verknad som følgje av reststoff, utslepp og produksjon av avfall. Tiltaket vil ikkje produsere store avfallsmengder eller utslipp.
- d) Forventa verknad som følgje av bruken av naturressursar. Hoveddelen av området er tatt i bruk som utbyggingsområde for hytter i dag. Dei ynska utvidingsareala ligg på areal som er kategorisert som middelsbonitet skog. Det nordlege området, Fiskeodden, er kategorisert som dyrkbar mark, arealet er relativt lite og ligg vekk frå ana dyrkamark på eigedomen. Det er store areal nær gardstunet som ligg gunstigare til for dyrking. Det vil bli ein reduksjon i areal for produktiv skog, men dette skjer i områder som i stor grad er knytt til eksisterande utbygging. Ein forventar ikkje vesentleg verknad i nokon grad.

Kriteriar for vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn (§10)

Egenskaper ved planen/tiltaket

- a) Totalt er området om lag 283 daa. Nye utbyggingsområde utgjer om lag 16,6 daa. Eksisterande utbyggingsområde utgjer 85,5 daa. Areal som vil få endra kategori utgjer ein relativ liten del av arealet. Området ligg mellom Fv 38 og Vråvatn/Straumen og er i storgrad innafor plangrense for eksisterande plan for området, utviding av området skjer i søraust.
- b) Bruken av naturressursar i planområdet vil omfatte skogareal som omdisponerast til utbyggingsområde for fritidsbustader. Skogen er i kilden.nibio klassifisert som middels bonitet. Eit delområde er klassifisert som dyrkbar mark, dette utgjer om lag 4,9 daa. I høve til resten av dyrka og dyrkabart areal på eigedommen ligg dette område i utkanten og ikkje naturleg knytt til resten av arealet. Lausmassekart frå NGU syner at det er breelvavsetning i området. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis. Det vil vere ein svært avgrensa bruk av naturressursar.
- c) Det leggst ikkje opp til avfallsproduksjon i området
- d) Ein ser ikkje at det er potensiale for alvorleg ulykke /katastrofe som følgje av tiltaket. Det vil gis føresegner i høve til avkøyrse. Tiltaket er relativt lite og vil såleis ikkje gje stor påverknad på samfunnet.

Vurdering av om lokalisering og påverknad på omgjevnadane gjer at tiltaket kan medføre eller kome i konflikt med:

- a) Verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte arter, verna vassdrag, vedtak etter kulturminnelova: *Sjekk i tilgjengelege databasar syner at arealet ikkje kjem i konflikt verneområder, utvalde naturtyper, prioriterte arter, verna vassdrag eller vedtak etter kulturminnelova. Det er registrert artar av stor forvaltningsinteresse i området, dette iform av karplanter knytt til vassnære områder.*
- b) Trua artar/naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne/-miljø, viktige mineralressursar eller områder som er særleg viktig for friluftsliv: *Artsdatabanken syner to lokaliseringar av karplanter som er klassifisert som nær truga, Myrkråkefot og brunmyrak. Begge registreringar er knytt til vassnæreområder i Toskekilen. Område er og ein del av det verdifulle kulturlandskapet Øyene – Vrådal. Dei største verdiane he er knytt til areal lenger aust på øyene nord i Nisser. Det er ingen registreringar knytt til kulturminne/-miljø, viktige mineralressursar eller område som er særleg viktig for friluftsliv.*
- c) Statlege planretningslinjer, statlege planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhald av PBL av 27.06.2008 nr. 71 eller RPR gitt i medhald av PBL av 14.06.1985 nr.77: *Ein ser ikkje at det er konflikt med nokre av desse statlege føringane.*
- d) Større omdisponering av områder avsett til LNF formål eller områder som er regulert til landbruk og har stor betydning for landbruksverksemd: *tiltaket ligg i storgrad i gjeldande reguleringsplan, dei nordlege områda.er i reguleringsplan regulert til grønt områder og klimavern. Dette kan ivaretaast i resterande areal i områda som ligg innom byggegrense frå vatn. Utvidingsarealet er regulert til LNF med omsynssone vern av kulturmiljø i kommuneplanens arealdel. Dette område er relativt lite og vil ikkje vere i konflikt med omkringliggende areal, adkomst til område eksisterer,*

*småbåtanlegg er etablert rett på nedsida av området. Omsynssona stiller krav om tilpassing til eksisterande bygningsmiljø.*

- e) *Økt belastning der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskriden. Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil gje økt belastning.*
- f) *Konsekvensar for befolkningas helse, som fylgje av vatn- eller luftforureining. Tiltaket legg ikkje opp til mykje forureining.*
- g) *Vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Tiltaket legg ikkje opp til større utslepp eller forureining.*
- h) *Risiko for alvorleg ulukke som fylgje av naturfarar som ras, skred eller flaum. Tiltaket ligg delvis innafor aktsamheitsområde for flaum. Med bakgrunn i nyleg flom utgreiing i Nisser i samband med reguleringsplan for Strånd sommarland ser ein likevel ikkje at det er potensiale for alvorleg ulukke, da utbygging ikkje planleggast i flaumutsett areal. Vurderingar i høve dette vil vere ein del av planarbeidet. Det er ikkje registreringar knytt til skredfare i området.*

### Samandrag

Ut i frå dei funna ein har gjort i dei forskjellige databasane og tiltakets størrelse og omfang, samt at hovuddelen av nye tiltak ligg innafor eksisterande reguleringplan, synes ikkje planen å ville få vesentleg verknader for miljø- og samfunn ut frå kriteria i forskriftas § 10. Ut i frå vurderinga av aktuelle tema synes det ikkje nødvendig med konsekvensutgreiing i denne saka. Aktuelle tema vil omtalast og vurderast i ny reguleringsplan for området.

Med helsing  
for AT skog

Mona Gundersen  
Arealplanlegger

Vedlegg:  
Kart med planavgrensing